

Fra: Nils-Arne Træland <nils-arne@lindaasvvs.no>
Sendt: 30. januar 2015 11:00
Til: Postmottak Radøy
Emne: Kulturmidlar Manger Musikklag vår 2015
Vedlegg: MML-konsert 150131 før-NM#2.pdf

Hei.

Musikklaget har sidan sist gjennomført og skal gjennomføra fleire prosjekter.

No først står Norgesmesterskapet for Brassband for døra allereie neste helg i Grieghallen.

Korpset er vel førebudd og me går som alltid for siger.

Før-NM konsert vert det som vanleg i Radøyhallen no laurdag.

Me skal i løpet av våren halde konsert i radøyhallen samen med lokale songarar, dette ser me veldig fram til, samt ein større turne i løpet av mai. Denne kjem til å gå til Sunnhordland, for å hjelpa skulekorps med rekrutering av nye musikanter.

Me har eit ansvar for å sikre nye musikantar både på Radøy og ellers i Norge, turneane våre bidreg til dette og me haustar mykje skryt for den jobben me gjer når me er på tur.

Utan støtta frå Radøy Kommune hadde denne aktiviteten vore vanskeleg, og me er svært takksame for støtta.

Me ynskjer å være gode ambassadører for kommunen og på den måter gje noko att til kommunen vår.

Me promoterar difor kommunen med logo i våre program og konsertplakater.

Med helsing
Nils-Arne Træland
Styreleiar
Manger Musikklag